
Vår referanse 2020/54915-8
Dato 13.11.2020

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Tilskot til regionale ungdomsparti - utvida søknadsfrist

Dei regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonane i Vestland har fått utsett frist for å søkje Vestland fylkeskommune om tilskot til verksemda til **1. desember 2020**.

Det vart i juli 2020 informert om tilskotsordninga via e-post til ungdomspartia, basert på kontaktopplysningar frå organisasjonane sine nettsidene. Ved søknadsfristen 1. oktober hadde fire av ungdomspartia søkt.

Ungdomspartia søker om tilskot via søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider. De finn [søknadsskjema, retningslinjer og informasjon om tilskotsordninga på denne sida](#).

For å søkje om tilskot må ungdomspartiet ha organisasjonsnummer og vere registrert i Brønnøysundregisteret og moderpartiet må vere representert i Vestland fylkesting. Saman med søknaden må de leggje ved siste årsmøtereferat og godkjent rekneskap og årsrapport / årsmelding frå året før søknadsåret.

Ungdomspartia som søker får eit grunnbeløp på 20 000 kr og eit beløp basert på m.a. moderpartiet sitt valresultat ved fylkestingsvalet 2019.

Regionale ungdomsparti som har fleire enn eitt fylkeslag i Vestland fylke søker om samla stønad gjennom éin felles søknad med eitt av fylkeslaga som avsendar, og står så fritt til å fordele eventuelt tilskot mellom fylkeslaga.

Ver venleg å sende brevet vidare til rette vedkomande om det er andre i ungdomspartiet som skal ha dette.

Med helsing

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef

Åge Avedal
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

FPU Vestland
KrFU Vestland
Sosialistisk ungdom Vestland
Grøn ungdom Vestland
Raud ungdom